


[Kontakt oss](#)
[Kulturkalender](#)
[Nettkatalog](#)
[Skipstrafikken](#)
[Nettkamera](#)
[Veret](#)
**AKTUELT**

[Kultur](#)  
[Maritimt nytt](#)  
[Meiningar](#)  
[Nyhende](#)  
[Politikk](#)  
[Reportasjer](#)  
[Sport](#)  
[Annonsetorget](#)

Finn artikkel:

 [SØK](#)
**TENESTER**

[Fotoarkiv](#)  
[Kulturkalender](#)  
[Lenker](#)  
[Nettkamera](#)  
[Om Herø½y](#)  
[Skipstrafikken](#)  
[Veret](#)

**MARITIMT**

[Fiskesalslag](#)  
[Nyhende](#)  
[Skipsliste](#)  
[Skipstrafikk](#)

**HERØYNYTT**

[Annonsering](#)  
[Kontakt oss](#)  
[Ledig stilling](#)  
[Om Herøynytt](#)  
[Opphavsrett](#)  
[Tips oss](#)

**MEININGSMÅLING**

Er du nøgd med den nye Solberg-regjeringa?

- Velt ikkje  
 Bryr meg ikkje  
 Ja  
 Nei

Svar til no: 667

Bryr meg ikkje: 2.25%

Ja: 45.58%

Nei: 45.58%

Veit ikkje: 6.60%

## Vil skjerpe kvaliteten på fisken

Frå landsmøtet til Norges Fiskarlag: Ein dvd viser fiskarane kvifor det løner seg å behandle fisken korrekt.

Per Ove Silje, torsdag 14. november 2013



Janita Arhaug i Møre og Romsdal Fiskarlag og fiskar Martin Leinebø frå Leinøy, på landsmøtet til Norges Fiskarlag i Trondheim denne veka. Foto: Privat MMS

At fisken bør behandlast på beste måte gjennom heile fangst- og produksjonsprosessen tør vere kjent. Men når det er mykje å gjere, hender det at det blir kompromissa på kvaliteten. Janita Arhaug, som no er rådgjevar i Møre og Romsdal Fiskarlag, har sjølv angra på slik slepphendt behandling av fisken.

– Eg har sjølv vore med på å peise igjennom alt for mange tonn fisk på alt for kort tid, for deretter å få reklamasjonar som svei godt i lommeboka, seier Arhaug.

– Det var rett og slett pinleg å vere ansvarleg for at ein sjømatinnkjøpar ute i Europa var misnøgd med jobben vi gjorde om bord, seier Arhaug, som sjølv har vakse opp i Steinsvika.

No er det utarbeidd ein film om korrekt fangstbehandling om bord i fiskefartøy. Filmen skal vere ei påminning om å ta seg tid til rett kvalitetsbehandling.

### Fortrinn

– God kvalitet er eit av våre viktigaste fortrinn i eksportmarkeda. Kanskje er det i filmen også litt ny lærdom å finne, slik at filmen kan bidra til ei felles forståing av kvalitet, seier Arhaug.

Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag (Surofi) har vore med på å finansiere filmen. Filmen blir for første gong delt ut på landsmøtet til Norges Fiskarlag i Trondheim 13.–15. november.

### Påminning

– Dette kan vi, seier fiskar Martin Leinebø.

Han har to mann om bord på fiskebåten i tillegg til seg sjølv.

– Men det er jo ei påminning om å ta det litt mer ro, tenke kvalitet heile tida, og ikkje berre kvantum. Og vi som har halde på med dette nokre år, det er så rart med det, det kan jo ha kome nokre dårlege vanar.

Torsdag ettermiddag hadde han ikkje rukke å sjå filmen enno, men han skal ta den med heim og sjå den saman med del andre på båten.

– Andre saker på landsmøtet som du vil trekke fram?

**ANNONSER**




– Eigentleg ikkje. Dei fleste fiskeslag er i god stand, har vi fått høyre.

### Respons

Og dvd-en er det bra respons på, seier Janita Arhaug.

– Fiskarane synest det er bra at vi har laga ein film om ombordproduksjon av fisk, til dømes kva som skjer viss restar av lever blir hengande fast på fisken.

Etter kvart vil filmen også bli lagt ut på internett. Men først skal altså fiskarane få ein dvd, for å ha å kike på om bord.

Les også: [Pengar får fiskarane til å levere kvalitet](#)

Når du har eit tips til Herøynytt: [Send ein epost til redaksjon@heroyntt.no](mailto:redaksjon@heroyntt.no)

Tips ein bekjent om denne saka:

Til:  Frå:

« Tilbake

Find us on Facebook



**Herøynytt**

Lik dette

2252 people like Herøynytt.



Facebook sosialt programtillegg



Herøynytt er ei uavhengig nettavis for Herøy.  
Konstituert redaktør er Anne Gry Eilertsen.

Utgjevarsselskap: Herøynytt AS  
Postadresse: Postboks 187, 6099 Fosnavåg